

## Høyringsuttale til kulturplan 2023-2025 - frå Knarvik skulekorps

Knarvik skulekorps er basert i Knarvik, men rekrutterer også musikantar frå nabobygdene Seim, Alversund og Leiknes. Det er fem barneskular i nedslagsfeltet for korpset: Knarvik, Leiknes, Seim, Alversund og Nordhordland Kristne Grunnskule.

Me øver fast fleire gonger i veka, fordelt på fellesøvingar og gruppeøvingar. I tillegg kjem konsertar, øvingshelger/seminar, konkurransar og turar. Me har øvingslokale på Knarvik barneskule, og i Eikanger-Bjørsvik Musikklag sitt musikkhus i Knarvik. I tillegg låner me andre bygg ved behov, både offentlege som til dømes Knarvik ungdomsskule, og private som Musikkhuset til Alversund Musikklag.

Korpset er glade for at det er uttrykt ei satsing på korps med tanke på tilstrekkeleg med øvingslokale med rett akustikk. For oss hadde det vore bra med ei betre tilrettelegging for korpsøving ved Knarvik barneskule. Korpset har lagerlokale med direkte tilgang til Hjarterommet (under amfiet), og brukar Hjarterommet til øvingar og konsertar. Skal me bruka det fast til øvingar for hovudkorpset er det naudsynt med noko meir lagerplass.

Vidare er det ikkje ideelt at Hjarterommet ligg heilt ope ved inngangen til Knarvik Arena. Frå starten av var vel dette teikna og tenkt som eit heilt ope rom, seinare vart det monterte ei rullegardin som skil inngangspartiet frå amfiet. Det er ei løysing for å ivareta orden når rommet ikkje er i bruk. Gitteret kan ikkje hindra at det er forstyringar «frå sidelina» dersom korpset skal ha øvingar eller konsert.

Me synest sjølvstøtt at det er kjekt med både handball, klatring og karate i Knarvik Arena-sida av bygget, og det er ikkje borna sin «feil» at det vert uro når dei skal til eller frå sine aktivitetar. Men for at korpset (og sikkert andre kor eller korps) skal kunna nytta dette rommet fullt ut etter skuletid, burde rullegitteret bli skifta ut med ei løysing som ikkje er gjennomsiktig, og gjerne også noko lydempande.

Med betre tilrettelegging kan dette flotte arealet bli utnytta betre, av fleire. For korpset vårt kan det også hjelpa på rekrutteringa, ved at me kan knyta aktiviteten vår tettare til skuledagen for barneskuleelevene ved ein av dei største skulane i området me rekrutterer frå.

På vegner av

Knarvik skulekorps

Ketil Tjore, sekretær og styremedlem